

Kulturhusa opnar att 3. august

Om ikkje situasjonen endrar seg vesentleg i sommar, opnar kulturhusa att 3. august med tiltak og rutiner ift. covid-19, avhengig av smittesituasjonen. Vi tek atterhald om at ting kan endre seg. Vi ber deg lese oppslag om dette når du besøker oss. VELKOMEN TILBAKE!

Opningstider:

Hovden grendehus


Man.- tors kl. 8.- 22.
Fre. kl. 8.- 16.

grendehuset@bykle.kommune.no tel. 37 93 86 93.

Bykle samfunnshus

Man. kl. 10.- 17.
Ons. kl. 14.-19.
Tors. kl. 10.-17.

samfunnshuset@bykle.kommune.no tel. 37 93 86 94.



Treningsrom – og nytt fleirbruksrom på Hovden grendehus

opnar for bruk 4. august. Det gamle styrkeromet er renovert og gjort om til «fleirbruksrom». Her kan ein arrangere alt frå babysamlingar og yoga, til utstillingar og kursverksemd! Enkeltpersonar med fast adresse i kommunen, kan også nytte rommet når det er ledig. Det blir fortsatt tilbod om lavterskel-trening i mosjonsrommet for vaksne damer på onsdagar. Ta kontakt med grendehuset for meir info!

Styrke-/spinningrom i Bykle opnar 10. august, med maks 4 personar inne i kvart rom (8 totalt) og diverse andre tiltak. Viktig å lese oppslag! Dersom du har fast adresse i Bykle kan du ta kontakt i samfunnshusets opningstid for treningsavtale. Ta også kontakt om du har avtale, for å få tilgang.

Basseng og badstoge i Bykle: Bassenget skal utbetrast i haust og det er usikkert når familiebadinga kan starte opp att. Truleg ikkje før etter nyttår.

Endringar i kinotilbodet - kino på laurdagar i Bykle!

Frå og med august, blir det kino ein laurdag i månaden i Bykle; 29/8, 26/9, 24/10, 21/11 og 19/12. Klokkeslett/meir info kjem i august. Sjå også info frå frivilligsentralen.

På Hovden blir tilbodet uendra, med kino annankvar tysdag (i partalsveker).

Helsing Kultur og Fritid



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Det er mykje som skjer i Valle og Bykle kyrkjene
Sjå kalenderen på nettsidane for meir informasjon



Gudstenester i Valle og Bykle

Stad	Tid	Detaljar
Tveitetunet i Valle	9.aug kl 12.00	Felles friluftsgudsteneste for Bykle og Valle
Bykle kyrkje	23.aug kl 10.00	Konfirmasjons-gudsteneste 1
Bykle kyrkje	23.aug kl 12.00	Konfirmasjons-gudsteneste 2
Bykle kyrkje	6.sept kl 11.00	Familiegudsteneste /m Ivar Skippervold
Bykle kyrkje	20.sept kl 19.00	Gudsteneste

13.-16. august 2020 KLASSISK I SETESDAL

Festival med klassisk og kirkemusikk i Valle og Bykle

Kåre Nordstoga

Fjære Kammerkor
dir. Andrea Maini

Kristiansand Sinfonietta

Jasper Havelaar

Blåserkvintett

frå Kristiansand Symfoniorkester

Bach • Beethoven • folketoner • Haydn • Mendelssohn
Nielsen • renessansemusikk • Tjajkovskij

Festivalpass: www.ebillett.no/bykle/26333

Info: www.bykle.kyrkja.no — Facebook: «Klassisk i Setesdal»

Arrangør:

DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Sponsorar og samarbeidspartnarar:

Valle Sparebank

SPAREBANKEN SØR

SETESDAL

Politekniskademi

Valle

Valle kommune

Bykle kommune

LAUSVOLD BROTTER

OTRA KRAFT

Bykle Hotell



Følg Bykle kommune på

facebook

Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

August 2020 | 31. ÅRGANG | OPPLAG 1150

Meiropent Bibliotek

Meiropent bibliotek opnar igjen 20.august. Dei som har laga avtale kan da starte å bruke tilbodet. Dei som ikkje har avtale kan gjerne kome innom for å inngå ein avtale.

Sommarles — Lesekampanje for barn i 1.-7. klasse!

Minner om at det ikkje er for seint å melde seg på Sommarles! Kampanjen varer ut august. Lag ein profil på Sommarles.no, registrer bøker de har lese i sommar, kom opp i level og hent premiar på biblioteket. Lesekampanjen er for barn i 1.-7.klasse.



Boksirke

Vi møtast måndag 24.august kl. 19 på biblioteket på Hovden grendehus. Boka som skal diskuterast er Knokkelsommer av Torun Lian.

Velkomen nye og gamle medlem.

Innleveringskasse

Biblioteket i Bykle har fått innleveringskasse! Du finn den til venstre for inngangspartiet.

Utlånsløysing for e-bøker og e-lydbøker

Bookbites er enkel og brukarvenleg, og du kjem i gang ved å laste ned appen på din smarttelefon/nettbrett. Du treng lånekortnummeret ditt og ei e-postadresse. Ta kontakt om du treng hjelp.

Biblioteka tilbyr også PressReader, ein app som gir deg tilgang til mange aviser og magasin på mange språk

1. Last ned appen Pressreader
2. Besøk biblioteket (det held at du står utafor og bruker nettet). Logg inn med wifi: bruk Setesdal IKT gjest og lag bruker. Når du har fått logga på nettet har du tilgang til PressReader i ei tidsavgrensa periode.
3. Last ned aviser og magasiner til smarttelefon eller nettbrett.

Helsing Biblioteka

Bykle skytterlag har jakttskyting på Geiskelid

Tysdag 11 august og torsdag 13 august.
Alle dager fra klokka 18:00 til 20:00
Vi tar kontant og Vips
Husk å ta med våpenkort!

Mvh Espen Arbakk, Bykle Skytterlag
bykle@skytterlag.no

SHADOW

HÅPER ALLE HAR HATT EIN FIN SOMMAR:)

FELLES OPPSTARTSFEST
TORS DAG. 03. SEPT I
BADELAND 16:30 - 18:30. SJÅ EIGEN INFO

JR. KLUBB (5. - 7. TRINN) 17:30 - 20:00
BYKLE ONS 09.09 / HOVDEN ONS 23.09

KLUBB (8. - 12. TRINN) 19:00 - 22:00
BYKLE FRE 11.09 / HOVDEN FRE 23.09

VENNLIG HELSING IDA OLSEN-SUND, FAGLEIAR UNGDOM
OG KULTUR M:95823738



Informasjon frå Bykle kommune

www.bykle.kommune.no

Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersiell hendingar i kommunen kan få ei redaksjonell omtale.

Dei neste utgåven av Byklaren kjem ut som følger:

September (Frist 15/08), **Oktober** (frist 15/09)

Send tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no

Ei påminning om bandtvang

I Bykle kommune er bandtvangen på hund frå 1. april til 15. oktober.

Bandtvangen skal hindre at hundar skadar beitedyr, vilt og fugl.

Ta omsyn til dyra.

Utdanningsstipend

1. Halvår skuleåret 2020/2021

Ungdom og vaksne frå Bykle som tek fulltidsstudie på vidaregåande-, høgskule- eller yrkesretta utdanning kan søkje om utdanningsstipend.

Lærlingar med 2 års lærekontrakt får stipend første året av kontraktstida.

Kopi av kontrakta må då fylgje søknaden.

Vedtektene og elektronisk søknadsskjema finn du på Bykle kommune si heimeside.

www.bykle.kommune.no/utdanningsstipend-og-legat

Frist: 1. okt.

FHIs Råd til besøkande til helseinstitusjonar (Heimen):

Pårørande som har vore i utlandet siste 10 dagar bør vente med å kome på besøk til 10 dagar etter heimkomst, eventuelt testast. Ein bør ikkje oppsøke pasientar før ein har fått negativt svar. Pårørande med symptom skal ikkje kome på besøk.



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no

Setesdal barnevern søker etter besøksheim og støttekontaktar for barn og unge.

Er du interessert i eit slikt oppdrag? Kontakt konstituert barnevernsleiar Hedda Schaanning på tlf. 47642462

Austvegen frå Dagparkering Sør til Hovden Vassverk vert stengd resten av 2020.

Bykle Kommune skal legge ny hovudvassleidning parallelt med vegen, og vegen skal nyttast som anleggsveg.

Som alternativ turveg mot Gjuvet, kan Hartevassevegen/Solsetervegen nyttast.

Planstrategi 2019-2023 er vedteken

sjå den på heimesida



SKATEHALLEN

MAX ANTALL SAMTIDIG ER 8 STK.

VIKTIG!

- SYKE PERSONER SKAL HOLDE SEG HJEMME
- BRUK ANTIBAC VED INNGANGEN NÅR DU KOMMER OG GÅR.
- HOLDE MINST 1 METERS AVSTAND
- BRUK BARE EGET UTSTYR, IKKE LÅN AV ANDRE!
- PÅBUDET MED HJELM OG HANSKER
- SMITTESPORING: DE SOM BRUKER SKATEHALLEN MÅ REGISTRERE SEG (NB! SKRIV DEG INN I BOKA)
- SMITTEVERNREGLER KAN ENDRE SEG OG DET VIL DA BLI SENDT UT NY INFORMASJON

ÅPNINGSTIDER FRA 10. AUG (KAN ENDRES ETTER BEHOV):
MANDAG: 14:00 - 19:00 - BARNESKOLEN (1.-4. TRINN MÅ HA MED EN VOKSEN)
TIRSDAG, ONSDAG, TORSDAG 14:00 - 19:00 - ALLE
IDA OLSEN-SUND, FAGLEIAR UNGDOM OG KULTUR 95823738

Tømekalender

Restavfall: 26.08

Matavfall: 12.08, 26.08

Glas/metall, papir og plast: 12.08

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.



Seniortrim

Vi startar opp att med seniortrim Bykle samfunnshus trimrom, måndag 10/8 kl.10, med påfølgjande kaffitreff på biblioteket. Velkomen!

TV-aksjonen

TV-aksjonen i år går til WWF og kampen mot plast i havet. Bli med på årets største og mest meningsfylde dugnad søndag 18. oktober! Ta kontakt med Frivilligsentralen om du vil engasjere deg eller har forslag til aktivitetar. Meir info. på blimed.no

Temakveld


Velkomen til temakafe på Hovden Fjellstoge 2/9 kl. 18! Tema for kvelden: Korleis har pandemien endra kvardagen vår? Det blir intervjuar og open samtale rundt temaet. Inviterte gjester er rektor på Fjellgardane skule, Stig Ertzeid og kommunelege i Valle, Hallvard Mosdøl. Servering av kaffi og høve til å kjøpe mat. Arrangementet er eit samarbeid mellom Frivilligsentralen og Prostidiakonen.

Vi ber om påmelding til arrangementet, så vi kan ivareta smittevernet. Det blir ca 40 plassar. Vi ber deg sende påmelding med navn og mobilnummer på e-post til Merete.Egeland@bykle.kommune.no Vi vil også ta påmelding i døra dersom det er ledige plassar.

Arr: Frivilligsentralen

Kurs i regi av Bykle Husflidslag hausten 2020

- **Dalebuksekurs v/Laila Rysstad.** Kurset er på 150 timar og startar opp tysdag 18.august. Kurset vil gå på tysdagar frå kl 17-22. Bindande påmelding innan 15.juli
- **Malekurs v/Birthe Thomsen.** Kurset er på 9 timar og startar opp onsdag 7.oktober. Kurset vil gå over 3 onsdagar frå kl 17:30-20:30. Bindande påmelding innan 20.sept
- **Bunadskjortekurs (herreskjorte) v/Malmfrid Nyborg Homme.** Kurset er på 20 timar og startar opp måndag 19.oktober. Kurset vil gå over 5 måndagar frå kl 17-21. Bindande påmelding innan 5.oktober



Medlemspris 40,- per time, ikkje medl. 70,- per time. Utgifter til materiell kjem i tillegg.

Påmelding til Jørgine Sofie Mosdøl på tlf.: 951 72 235 eller mail: jorgine@online.no

Arr.: Bykle Husflidslag

BLI MED I BADELAND!

BIBLIOTEKET, KULTURSKULEN OG SHADOW INVITERER TIL OPPSTARTSFEST

GRATIS INNGANG

VELKOMMEN TIL BARN OG UNGDOM

1.-10. KLASSE

DET VERT:

• MAT OG DRIKKE TIL ALLE BARN

• KAFFI TIL DEI VAKSNE

• TREKNING AV SOMMARLESPREMIAR

PÅMELDING: grendehuset@bykle.kommune.no

/ 379 38 693.

ARR: KULTUR OG FRITID

TORSDAG 3. SEPTEMBER

KL. 16:30 - 18:30



Barn frå 1.-4. trinn må vere i følge med ein vaksen, gå gjerne saman om dette.

Transport frå Bykle: vi køyrer Kulturbussen frå Bykle samfunnshus kl. 15.45 og ned igjen etter festen. Påmelding til bussen skjer samtidig med påmelding til festen.

NB! kun 8 plassar! Vi oppmodar elles foreldre til å ta med fleire barn i bilen.

Arr: Kultur og fritid

